



MØTEBOK

Rådsmøte i Hardanger Ungdomsråd

Dato: Torsdag 3.11.2016

Stad: Kulturbanken i Granvin

Tid: 0900-1400

Til stades:

Ullensvang herad:	Ungdomsrådsleiar Vilde Læg Reid
Ulvik herad:	Ungdomsrådsleiar Vegard Innset
Granvin herad:	Ungdomsrådsmedlem Steffen Slettemark
Odda kommune:	Ungdomsrådsleiar Anne Haugland Jondahl
Eidfjord kommune:	Ungdomsrådsleiar Helene Hongqin Enge Monsen

Ikkje til stades:

Jondal kommune:	Ikkje møtt
Kvam herad:	Ikkje møtt

Andre:

Ulvik herad:	Ingvild Winters
Granvin herad:	Siri Stuve
Hardangerrådet:	Trude Læg Reid Rinaldo

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

Inspirasjon denne dagen er presentasjon av Ungt Entreprenørskap v/ Ida Maage Elstad

HU-sak 14/16 Informasjon om Hardanger Ungdomsråd

Gjekk gjennom Vedtektene til Hardanger Ungdomsråd. Det er punkt som bør endrast. Rådet vil i denne perioden laga forslag til endring.

HU-sak 15/16 Aktuelle saker for HU

➤ Skulestruktur i framtida

Her vil ungdomsråda vera med å påverka. Dette vert tema på seinare møte.

➤ Tilgang på Helsesøster

At det er tilgang på Helsesøster på alle ungdomskular og vidaregåande skular er svært viktig for ungdommane. Det er også mykje som tilseier at denne funksjonen hjelper på psykisk helse blant ungdom, fråvær og på andre problem og utfordringar, dvs det er eit førebyggjande tiltak.

Generelt er fokus på psykisk helse viktig i alle kommunar. Mange kommunar har heller ikkje miljøarbeidar, då er det kun helsesøster som kan møta dei, for ungdom treng og burde ha krav på å kunna prata med ein uavhengig person med teieplikt på sin skule.

Me spurte dette ? rundt bordet: «Kor ofte har de helsesøster på skulen din?»:

Granvin: 2-3 gongar i veka, men det har vore ganske kritisk og vanskeleg i Granvin.

Odda: 2-3 gonger i veka

Eidfjord : 1 gong i veka

Ulvik: 1 gong i veka

Ullensvang: 0 gonger, to skular uten tilgang til helsesøster no, det var betre før. Hardanger Ungdomsråd meiner alle ungdommar skal ha minst ein ekstra person dei skal kunna støtta

seg på, Får ein ikkje tak i helsesøster, må ein finna på noko anna.

VEDTAK:

Hardanger Ungdomsråd skriv ein uttale til Hardangerrådet med fokus på tilgang på helsesøster og/eller miljøarbeider i kvar kommune på kvar skule. Hardanger Ungdomsråd meiner det er minstekrav og at dette er føreyggjande tiltak mot fråvær, psykiske lidingar og utvikling av større problem.

➤ **Kvarandre sin møteplan og aktivitet**

Hardanger Ungdomsråd ber om at alle ungdomsråda i Hardanger sender sin møteplan til sekretariatet i Hardangerrådet. Så vil sekretær vidare senda til alle. Dette kan gjera det lettare å samarbeide over grensene, kjekt å ha felles møteplassar for å bli kjent.

➤ **Felles klubbkveld i Eidfjord**

På møtet vart det bestemt å prøva dette: Eidfjord ungdomsråd i lag med Hardanger Ungdomsråd inviterar til felles klubbkveld i Eidfjord på ein allerede planlagt fredag. Sekretariatet vil ta kontakt med Eidfjord.

➤ **Strategi for facebook**

Me ønskjer å vera meir aktive og gjerne reklamera for kva ein gjer lokalt i eigne by og bygder sine ungdomsråd.

HU-sak 16/16 Oppsummering Aktivitetshelga 2016 – vegen vidare

Ei svært vellukka aktivitetshelg i Eidfjord. Deltakarane ønskjer fleire slike arrangement, og gjerne over fleire dagar.

Det er eit krevande arrangement, med mange moglegheiter. Me legg ved oppsummering av evalueringsmøte og takkebrev sendt til sponsorane.

Det vert ei ny aktivitetshelg for ungdom i Hardanger, om ein av Hardanger-kommunane tek på seg vertskapsrolla.

HU-sak 17/16 Hardanger Ungdomsting 2016 – arbeid med innhald

Hardanger ungdomsråd skal arrangera Hardanger UngdomstING 19. januar 2017 i Kvam. Då ønskjer dei at ordførarane kjem og stiller til direkte debatt.

VEDTAK:

Det vert Hardanger UndomsTING torsdag 19. januar 2017 i Kvam kl. 0900-1400.

Tema vert som følgjer:

Bli kjent	Bli kjent aktivitetar
Opplæring:	1. Læra å debattere
	2. God møtestruktur/møteform,
Debatt:	Helsesøster på kvar ungdomskule i Hardanger

HU-sak 18/16 Orienteringssaker

- Ungdommens fylkesting

VEDTAK

Hardanger ungdomsråd sponsar deltaking på ungdommens fylkesting med deltakeravgift for to ungdommar pr. kommune.

HU-sak 19/16 Informasjon om arbeid frå den einskilde kommune/herad sine ungdomsråd i Hardanger.

ULVIK:

Har hatt 1 rådsmøte og har arrangert Halloween-fest, saman med Granvin og Eidfjord, Paintballklubb er opp og går no.

Ønsker å byta lokale for ungdomsklubben
Skal på nettverksamling i Bergen
Skal på synfaring i Heradstyre, for å sjå korleis dei har dette møte.
Ulvik er Cittaslow kommune. Ungdomsrådet sit i styret til Cittaslow, og har fått gjennomslag for fleire saker

GRANVIN:

1 ungdomsrådsmøte.
Var med å arrangerte halloweenfest saman med Ulvik og Eidfjord
Vil arrangera Lan.
Skal på nettverksamling i Bergen

ULLENSVANG:

Hadde Ungdomsrådsmøte forrige veke,
Busstilbud Odda-Utne er relativt skikkeleg dårleg. Ønskjer fleire ruter her, slik at ein kan vera med på meir. Umulig å bruka kollektivtilbud på vestsida av Sørfjorden i dag
Det er ikkje tilbod om Helsesøster på skulane i Ullensvang no. Det er ikkje akseptabelt.
Skal gjennomføra LAN når Fjordahallen åpnar. Det vil verta plass til 260.
16.mai arrangement må på agenda no.

ODDA:

2 ungdomsrådsmøter,
Berre arbeid med LAN, som skal arrangerast det neste helg.

EIDFJORD: Måtte gå før denne saka vart behandla.

JONDAL:- ikkje til stades

KVAM : -ikkje tilstades

Referat av Trude Læg Reid Rinaldo